



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2020 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 995 883 031  
Organisasjonsform: Stiftelse  
Foretaksnavn: SPAREBANKSTIFTINGA SOGN OG FJORDANE  
Forretningsadresse: Langebruvegen 12  
6800 FØRDE

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2020 - 31.12.2020

### Konsern

Morselskap i konsern: Nei

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Ja  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Hallvard Klakegg  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 19.05.2021

### Grunnlag for avgivelse

År 2020: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2019: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2020

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 19.06.2022



### Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
Finans- og investeringsinntekter	2,3	77 591 000	141 728 000
<b>Sum skaffa middel</b>		<b>77 591 000</b>	<b>141 728 000</b>
<b>Brukte middel</b>			
Tilskot, løyvingar m.v. til oppfylling av organisasjonen sitt føremål	7,8	25 898 000	28 851 000
Kostnader til aktivitetar som fyller føremålet	9,10,1 1	2 499 000	2 512 000
<b>Kostnader knytte til organisasjonen sitt føremål</b>		<b>28 397 000</b>	<b>31 363 000</b>
Annan finanskostnad		94 000	94 000
Administrasjonskostnader	9,10,1 1	2 323 000	2 507 000
<b>Sum brukte middel</b>		<b>30 814 000</b>	<b>33 964 000</b>
<b>Ordinært resultat før skattekostnad</b>		<b>46 777 000</b>	<b>107 764 000</b>
<b>Ordinært resultat etter skattekostnad</b>		<b>46 777 000</b>	<b>107 764 000</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>46 777 000</b>	<b>107 764 000</b>
<b>Tillegg/Reduksjon eigenkapital</b>			
Annan føremålskapital		46 777 000	107 764 000




### Balanse

Beløp i: NOK	Note	2020	2019
<b>EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Konsesjonar, patentar, lisensar, varemerke og liknande rettar	4	178 000	320 000
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>178 000</b>	<b>320 000</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i aksjar og partar	2,3	2 022 623 000	1 989 737 000
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>2 022 623 000</b>	<b>1 989 737 000</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>2 022 801 000</b>	<b>1 990 057 000</b>
<b>Krav</b>			
Andre krav		60 000	12 000
<b>Sum krav</b>		<b>60 000</b>	<b>12 000</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar og liknande	5	86 393 000	71 664 000
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>86 393 000</b>	<b>71 664 000</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>86 453 000</b>	<b>71 676 000</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>2 109 254 000</b>	<b>2 061 733 000</b>
<b>FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Føremålskapital</b>			
<b>Grunnkapital</b>			
Grunnkapital	6	1 408 500 000	1 408 500 000
<b>Sum innskoten føremålskapital</b>		<b>1 408 500 000</b>	<b>1 408 500 000</b>
<b>Føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar</b>			



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Annan føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar	6	50 000 000	50 000 000
<b>Sum føremålskapital med sjølvpålagde restriksjonar</b>		<b>50 000 000</b>	<b>50 000 000</b>
Annan føremålskapital	6	632 956 000	586 179 000
<b>Sum føremålskapital</b>		<b>2 091 456 000</b>	<b>2 044 679 000</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetjing for plikter</b>			
Pensjonsplikter	11	769 000	571 000
<b>Sum avsetjingar for plikter</b>		<b>769 000</b>	<b>571 000</b>
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>769 000</b>	<b>571 000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		121 000	70 000
Skuldige offentlege avgifter		196 000	189 000
Anna kortsiktig gjeld		16 712 000	16 224 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>17 029 000</b>	<b>16 483 000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>17 798 000</b>	<b>17 054 000</b>
<b>SUM FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD</b>		<b>2 109 254 000</b>	<b>2 061 733 000</b>





# Innhald

- 3 Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane
- 4 Våre gåvetildelingar
- 13 Styret si oppsummering av 2020
- 15 Aktivtetsbasert rekneskap
- 16 Aktivtetsbasert balanse
- 17 Notar til rekneskapen
- 26 Revisjonsmelding
- 29 Sparebankstiftinga sine styrande organ
- 30 Styring og kontroll med stiftinga si verksemd
- 31 Opplysningar om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane


Vi skapar mangfald, trivsel  
og utvikling

[www.sparebankstiftinga.no](http://www.sparebankstiftinga.no)



FRAMSIDEFOTO: Torbjørn Rørvik

GRAFISK UTFORMING: Sparebanken Sogn og Fjordane • E. Natvik Prenteverk AS



# Om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart etablert i 2010 og er hovudeigar av Sparebanken Sogn og Fjordane. Stiftinga eig 93,67% av eigenkapitalbevisa i banken. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane skal å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap av banken, utøve forsvarleg kapitalforvaltning og dele ut gåver til samfunnsnyttige tiltak. Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er den 5. største sparebankstiftinga i landet, målt i forvaltningskapital.

Sparebankane har med si snart 200 års historie hatt ei sentral rolle i utviklinga av lokalsamfunna i Norge. Formålet med sparebankane var frå starten av at dei skulle vere hjelp til sjølvhjelp for folk med små inntekter, og bidra til økonomisk sjølvstende og tryggleik for den enkelte. Sparebanken Sogn og Fjordane har røter heilt tilbake til 1842, då Førde Sparebank blei etablert. Gjennom samanslåing av 25 sparebankar er Sparebanken Sogn og Fjordane i dag den 8. største sparebanken i landet.


## Hovudformål

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har i sine vedtekter definert følgjande hovudformål:

- Stiftinga sitt formål er å forvalte eigenkapitalbevis som stiftinga vart tilført ved skipinga, stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i Sparbanken Sogn og Fjordane og vidareføre sparebanktradisjonane.
- Stiftinga sitt formål skal vidare vere å gi gåver til allmenntilgjengelige formål. Ved sine disposisjonar skal stiftinga først og fremst ta omsyn til distriktet som har bygd opp kapitalen til Sparebanken Sogn og Fjordane.
- Stiftinga skal i tillegg forvalte midlane på ein formålstenleg måte ut i frå omsynet til tryggleik, risikospreiing, likviditet og avkastning.


## Visjon og verdiar

- **Visjon** Drivkraft for Sogn og Fjordane.
- **Verdigrunnlag** Mangfald, trivsel og utvikling.
- **Langsiktig** Vi skal forvalte sparebankarven – *i dag og i all framtid*. Vi skal sette av til reservar som sikrar det langsiktige eigarskapet til banken og kontinuitet i gåvetildeling.
- **Uavhengig** Gåvesøkjarar, forretningspartnarar, myndigheiter og ålmenta generelt må til ei kvar tid ha tillit til vår profesjonalitet og integritet.




## Våre gåvetildelingar

Arbeidet med gåvetildelingane er hovudaktiviteten i den daglege drifta av stiftinga. Sparebankstiftinga sitt mål er at gåvetildelingane skal gjere Sogn og Fjordane til ein betre plass å vere, gjennom å fremje verdiar som **mangfald, trivsel** og **utvikling**. Sidan starten i 2011 har Sparebankstiftinga bidrege med i overkant av 200 millionar kroner til samfunnsnyttige tiltak. Dei årlege gåvetildelingane har auka betydeleg sidan oppstarten, slik grafen nedanfor illustrerer:



Sparebankstiftinga sin formålsparagraf slår fast at midlane i hovudsak skal delast ut i området verdiane i Sparebanken Sogn og Fjordane er skapt historisk. Den geografiske fordelinga av midlane samvarierer difor med banken sine marknadsområde. I tillegg er ein del av midlane òg utdelt til regionale tiltak, der tiltaka anten vert delt jamt (som dagsturhyttene, der kvar kommune får ei hytte), eller der det ikkje er råd å plassere midlane nøyaktig geografisk. Døme på dette er gåver som vert nytta til aktivitet i heile Sogn og Fjordane.


Den geografiske fordelinga av midlane i 2020 ser slik ut:




Antal søknadar og tildelte gåver fordelt på kommunenivå i 2020. (NB alle søknadar har ei avsendaradresse, men ikkje alle tiltak kan plasserast geografisk: Gåver til tiltak i heile/store delar av Sogn og Fjordane er plassert i kategorien «regionale» lengst til høgre, medan avsendar er fordelt på kommune.)

Tal søknadar som stiftinga mottok har variert betydeleg frå år til år, frå ca 600 til i overkant av 1100 søknadar. På eine sida har god omdømebygging av stiftinga sitt gâvearbeid og auka gâvebudsjett medverka til fleire søknadar. På andre sida har stiftinga sin utstrakte dialog med lag og organisasjonar ført til at ein har samla fleire parallelle søknadar til felles prosjekt, og dermed bidrege til å redusere antal søknadar.

Dei siste åra har tal søknadar stabilisert seg på 700–800 søknadar. I 2020 vart det mottoke 779 søknadar. Av desse vart 273 søknadar innvilga gâve, noko som gir ein tildelingsprosent på 35 %. Tildelingsprosenten er dermed marginalt høgare enn etablerte offentlege nasjonale støtteordningar.



Figur 3 illustrerer tal søknadar/gâver, og gjenspeglar ikkje gâvebeløp. Nokre av kategoriane vil ordinært motta større gâvebeløp pr. tiltak, særleg kategoriane næringsutvikling, utdanning/kompetanse og forskning. Fordeler vi gâvemidlane i høve til beløp, vil fordelinga sjå slik ut:




## 2020 – eit heilt spesielt år

Året 2020 vil i historiebøkene bli referert som eit spesielt år for Sogn og Fjordane. I hovudsak på grunn av korona-pandemien og tiltaka mot smittespreiing. Dette fekk omgripande konsekvenser også for stiftinga, som nett hadde starta handsaming av årets første søknadsrunde når pandemien endra kvardagen vår. Ein stor del av søknadane gjaldt tiltak som ikkje lenger kunne gjennomførast, og dei fleste søkjarane hadde fått langt større utfordringar enn det som var skildra i søknadane. Stiftinga valte difor å gjennomføre ei ekstraordinær søknadsrunde seinare på våren, og signaliserte at ein ønska å stille opp for lag og foreiningar som hadde fått utfordringar grunna pandemien og/eller smittespreiingstiltaka. Lukkelegvis vart det òg stilt statlege midlar til rådvelde for organisasjonar som vart råka, slik at mange klarte seg greitt utan vår bistand. Stiftinga kunne dermed konsentrere sin innsats mot å utfylle dei statlege tiltakspakkane.

Som oversikta over tildelte gåvemidlar i figur 1 illustrerer, har aktiviteten i frivillig sektor hatt ein betydeleg nedgang i 2020. Sektoren vil truleg ha utfordringar med å gjenetablere eit tilbod på nivå med 2019 i fleire år framover, både i høve til å rekruttere medlemmer og finansiere nye satsingar, og stiftinga vil fortsetje å følgje sektoren nøye i åra som kjem.



*Med korona-stengde alders- og omsorgsheimar vart brått mulegheitene til å ha kontakt med familien små i mars. Difor svarte vi ivrig ja når Sparebanken Sogn og Fjordane foreslo å nytte delar av overskotet frå bankdrifta til å kjøpe inn lpad'ar til alle alders- og omsorgsheimar i Sogn og Fjordane. At mange kjente på saknet av kontakten med familien, vart illustrert av at dette er tiltaket som fekk flest «likes» på Facebook i heile 2020. (Foto: Høyanger kommune.)*




Ei mindre dramatisk, men likevel betydeleg endring i 2020, var fylkeskommune- og kommunesamanslåingane som trådde i kraft i byrjinga av året. Stiftinga sin formålsparagraf vert ikkje påverka av endringa i fylkesgrensene, slik at stiftinga i utgangspunktet framleis kunne forhalde seg til Sogn og Fjordane pr. 31.12. 2019 (t.d. vurderer stiftinga framleis Hornindal som del av sitt aktivitetsområde). Men stiftinga får mange søknadar frå fylkesleddet av organisasjonar. Og i takt med at organisasjonslivet tilpassar seg dei nye fylkesgrensene, må stiftinga stadig oftare ta stilling til søknadar frå organisasjonar med aktiviteten sin spreidd over eit større område enn stiftinga i utgangspunktet skal betene. Vidare har tilskotsordningar og -rutinar i dei to tidlegare fylka variert noko, slik at ein del organisasjonar har hatt uavklarte finansieringstilhøve inn i det nye året. Dette har i stor grad funne sin form i løpet av året.

Utfordringane knytt til kommunesamanslåingar har òg vore knytt til usikkerheit om finansiering til organisasjonslivet, som igjen har gjort det utfordrande for stiftinga å vurdere gjennomføringsevna til ein del tiltak. Men som for fylkessamanslåinga ser dette ut til å vere overgangsutfordringar som for det meste har funne si form i løpet av året.

## Frivillig sektor

Lag og foreningar i Sogn og Fjordane med aktivitet retta mot barn og unge har vore stiftinga sin hovudprioritet sidan oppstarten, og vil framleis vere det i åra framover. Forsking har dokumentert at folk som er eller har vore aktive i frivillig arbeid, syner større samfunnsdeltaking enn dei inaktive. Difor spelar frivillige lag ei viktig samfunnsrolle, som kjem i tillegg til det samfunnsnyttige arbeidet organisasjonane bidreg med kvar for seg.

Folkehelse har hatt eit særleg fokus i stiftinga. Ein monaleg del av gåvene vert difor gitt til lag som tilbyr idrett og fysisk aktivitet. I tillegg til at dette er lag som tilbyr konkrete bidrag til betre folkehelse, tar idrettslaga i Sogn og Fjordane ofte eit breiare ansvar og utfører fleire oppgåver enn i område av landet der organisasjonslivet er meir samansett.



*Lag og organisasjonar som driv med idrett og fysisk aktivitet er den største kategorien gåvemottakarar frå Sparebankstiftinga, både i tal tildelingar og i gåvebeløp. Her frå nokre gåveutdelingar i Nordfjord.  
(Foto: Sparebanken Sogn og Fjordane.)*


Sparebankstiftinga har òg styrka folkehelsa i form av tiltak som betrar mulegheitene til å drive eigenorganisert aktivitet. Sparebankstiftinga sitt initiativ for redningsvestar kan illustrere dette: På bakgrunn av fleire søknadar over tid frå ulike organisasjonar om redningsvestar til aktivitet på/ved vatn, fann vi ut at dette var eit generelt behov som stiftinga kunne møte betre ved å kjøpe inn 1000 redningsvestar til barn og unge, og gjere dei tilgjengelege for alle lag og organisasjonar som tilbyr aktivitet ved vatn. Vårt einaste krav var at mottakaren lånte dei vidare lokalt, som betyr at alle no kan låne redningsvestar til seg og sine nær der dei bur. (Sjå kvar du finn redningsvest nær deg på [www.sparebankstiftinga.no](http://www.sparebankstiftinga.no))



*Kalvåg kystlag skreiv søknaden som utløyste at stiftinga kjøpte inn 1000 redningsvestar, og var sjølvsgagt dei første som fekk utlevert redningsvestane. Her blir dei prøvd av 5. og 6. klasse på Frøyen skule. (Foto: Sparebanken Sogn og Fjordane.)*

Kulturlivet i Sogn og Fjordane er òg variert og produktivt, og gir i sum eit flott tilbod gjennom heile året, i heile regionen. Eit særtrekk for Sogn og Fjordane er at ein har færre store og «tunge» kulturinstitusjonar enn i resten av landet, samt færre arenaer der (semi-) kommersielle kulturaktørar kan utviklast og profesjonaliserast. Kulturproduksjon og -distribusjon er difor tufta på frivilligheit i større grad enn i landet for øvrig. Her ser vi at Sparebankstiftinga har ei viktig rolle i høve til å understøtte og utvikle kulturlivet i regionen. Samstundes ser vi at Sogn og Fjordane er kraftig underrepresentert i tildelingane frå nasjonale støtteordningar til kulturformål. Vi ser difor etter mulegheiter til å nytte våre midlar på ein måte som bidrar positivt til å betre denne statistikken.

Sparebankstiftinga har elles løpande tiltak for å styrkje breidda i søknadar om midlar. Mellom anna tilbyr stiftinga gratis (evt. digitale) kurs og søknadsrettleiing for alle lag og organisasjonar. Dette har òg som mål å styrkje søknadskompetansen i frivillig sektor, og dermed styrkje laga si evne til å sikre midlar også frå andre kjelder enn sparebankstiftinga.




## Næring og utdanning

Som nemnt innleiingsvis, er verdiane som sparebankstiftinga ønskjer å fremje **Mangfald, Trivsel og Utvikling**. Dei siste 5–6 åra har stiftinga òg tatt inn over seg at stiftinga kan spele ei viktig rolle i høve til næringsutviklinga i Sogn og Fjordane. Difor har stiftinga ønska å ta eit større ansvar på dette området; med utgangspunkt i dei føringane som ligg i Finansforetaklova og rammene Sparebankforeininga har trekt opp. Stiftinga gir sine bidrag til overordna næringsutvikling, der klynger, bransjar og/eller større geografiske områder arbeider for å fremme næringsutvikling i regionen.

Utdanning er òg eit felt stiftinga har hatt ei tydeleg satsing på. Med bakgrunn i utdanningssektoren sine analyser som seier at nær 4/5 av ungdom frå Sogn og Fjordane og nær 2/5 av tilflyttarstudentane blir buande i regionen etter studiet, ser vi at eit breiare studietilbod i Sogn og Fjordane er eit effektivt verkemiddel for ei positiv folketalsutvikling. Samstundes føreset dette at utdanningane ein tilbyr er relevante for næringslivet i regionen, slik at ein har relevante jobbar å tilby nyutdanna studentar. Stiftinga har her tatt ei pådrivarrolle, både for å styrke dialogen mellom næringsliv og utdanningssektor, og ved å gi tydelege bidrag til oppstart av nye utdanningstilbod.



*Studentattraktivitet og studia sin relevans for arbeidslivet er viktige faktorar for Førde som studiestad. Difor tok stiftinga i 2020 initiativ til prosjektet «Studentjobb», som går ut på å tilby studentar ved teknologifaga i Førde deltidsjobbar i relevante bedrifter under studia. Samarbeidspartnarane i prosjektet er HVL, her representert ved Eli Nummedal, og Sunnfjord Utvikling v/Bente Hauge, Bakerst ser vi banksjef for bedriftsmarknad i SSF Roy Stian Farsund, samt idéinnehavar og direktør i stiftinga Hallvard Klakegg. (Foto: Sofie Rettestøl Olaisen)*



## Miljø og berekraft

Sparebankstiftinga registrerer med glede at klima, miljø og berekraft blir stadig tyngre vekta i alle samfunnssektorar. Stiftinga har hatt miljø og berekraft som satsingsområde i mange år, men har likevel ikkje klart å gjenspegle dette like tydeleg i gåvestatistikken; då vi har fått inn relativt få søknadar på dette feltet. Difor har vi også sett inn stadig fleire eigne tiltak på miljøfeltet i seinare år.




Sparebankstiftinga tok i 2019 initiativ til det 3-årige prosjektet «Grøn Festival», som skulle prøve å gjere musikkfestivalane i regionen meir miljøvenlege. Allereie i 2019 gav prosjektet målbar miljøvinst på 72 tonn CO<sub>2</sub> pr. år, og miljømerket Grøn Festival vart ettertrakta i Vestland fylke. I 2020 utvida vi prosjektet til også å omfatte idrett, og spurte fotballkrisen om dei ville ta ansvar for dette. Dei sa straks ja, og forsøk med grøne idrettsarrangement vil dermed bli sette i gong når korona-situasjonen opnar for fotballturneringar igjen. Her ser vi arbeidsgruppa for prosjektet Hildegunn Hove, Siri Rognsø og Ruth Laberg, saman med Pål Fidjestøl frå stiftinga. (Foto: Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane.)

Miljø kan ikkje kun vere eit satsingsområde likestilt med fleire andre. Miljø, klima og berekraft må vere fokusområde i alle tiltak stiftinga vurderer. Det betyr at vi òg må vurdere klima-avtrykket i prosjekt som ikkje primært adresserer miljø, og vere pådrivar for at alle prosjekt som stiftinga støttar vert gjennomført med minst mogleg klima-avtrykk. Og ikkje minst må vi «feie for eiga dør» og sørge for at drifta av stiftinga skjer på ein berekraftig måte.



## Miljøfyrtårn®


Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart i 2020 godkjent som Miljøfyrtårn. Tidlegare har ein støtta seg på det sterke miljøengasjementet i Sparebanken Sogn og Fjordane (som m.a. var første sparebank i landet med Miljøfyrtårn-godkjenning), men no har altså stiftinga fått retten til å nytte logoen til venstre sjølv òg.



## Furorestipend

Furorestipendet er Sparebankstiftinga sitt personlege stipend, og går til unge mellom 15 og 30 år frå Sogn og Fjordane som utviser stort talent og målretta satsing; anten det er innan idrett, kultur eller «open klasse». Ein breidt samansett og fagsterk jury arbeider grundig med søknadane og tilrår ei prioritering til styret, som tildeler stipenda. Juryen har òg høve til å dele ut 1-2 av stipenda som «lanseringsstipend» i forkant av søknadsfristen. Dette gir høve til både å sjå an talent som «boblar i vannskorpa» i løpet av året, og auke søknadstala til stipenda gjennom den mediemerksmda Furorestipendet ofte vekkjer. Over dei siste åra har vi auka tal Furorestipend frå 6 til 8. Eit stipend er i regelen på 50 000 kroner.

Personlege stipend kan elles seiast å bryte med stiftinga sitt formål om å dele ut midlar til samfunnsnyttige formål, difor er også Furorestipendet vårt einaste personlege stipend. Men samstundes gir Furorestipenda ein samfunnsnyttig effekt i form av å inspirere ungdom til å satse seriøst på sitt talent; og gjer det vonaleg litt lettare for unge i Sogn og Fjordane å bli best innan sitt felt. Historikken til Furorestipendet indikerer at vi har treft godt på dette; av tidlegare Furore-vinnarar har det blitt både verdsmeistrar, europameistrar, vinnarar av Spelemannspris og ei rekke andre utmerkingar.




*Jon-Herman Hegg var eit av talenta som fekk Furorestipend i 2020. Her har han nett blitt overraska med stipend på ein helgetur heime i Borgund. (Foto: Sparebanken Sogn og Fjordane)*

## Kamp om gåvekronene


Fjordane gir stiftinga høve til å bidra vesentleg til ei positiv utvikling for Sogn og Fjordane. Samstundes må vi innsjå at i eit samfunnsperspektiv er det avgrensa midlar stiftinga rår over. Då er det viktig at stiftinga forvaltar midlane slik at dei utgjer ein reell skilnad. Difor har stiftinga òg gitt seg sjølv nokre avgrensingar i høve til kva stiftinga *ikkje* gir gåver til.

*Samferdsle og vegbygging* er døme på eit område som gir stor samfunnsnyttig effekt, men der midlane stiftinga har til rådvelde ikkje utgjer stor skilnad. Difor er dette eit område stiftinga har nedprioritert. Av same årsak har vi ikkje prioritert større bidrag til helsevesenet. Med bakgrunn i stiftinga sitt fokus på utvikling, er heller ikkje *kulturminnebevaring* eit prioritert område for stiftinga. *Produksjon av kunst- og kulturuttrykk* er òg ei utfordring for stiftinga: på eine sida ønskjer vi å bidra til eit mangfaldig kulturliv; på andre sida er det naturleg nok utfordrande å vurdere den samfunnsnyttige verdien av kulturuttrykk som ikkje er skapt enda. Difor har ikkje stiftinga prioritert kunstnarstipend eller annan støtte til skapande verksemd, men er open for å bidra til at fleire får oppleve kunst og kultur – også her helst via lag og organisasjonar.



Andre formål som ikkje er prioritert av stiftinga er *politiske parti* eller formål, *næringsforetak* med eigeninntening som mogleg konsekvens, driftsstøtte til *lukka lag*, *religionsutøving* og prosjekt som er *påbegynt eller fullført før søknaden* vert sendt

Sparebankstiftinga ønskjer òg å bidra til at meir midlar vert fordelt til vår del av landet. Difor er stiftinga oppteken av å gå inn i gode «spleiselag» saman med både andre gode krefter og offentlege støtteordningar, slik at Sogn og Fjordane får mest mogleg ut av gåvemidlane sparebankstiftinga har til rådvelde. Dette har vi lukkast godt med, og våre forsiktige anslag syner at stiftinga sine gåveutdelingar ordinært utløyser om lag 200 millionar kroner i øvrige gåver/tilskot pr. år.



«Spleiselaget»: Slik kan ein typisk finansieringsmodell sjå ut for eit prosjekt stiftinga bidrar til. (Bidragsytarar og storleiken på dei ulike bidraga vil variere.)


## Korleis gåvene vert tildelt

Størstedelen av stiftinga sine midlar vert delt ut etter søknad. Alle søknadar vert registrert elektronisk på [www.sparebankstiftinga.no](http://www.sparebankstiftinga.no) for å sikre ei profesjonell og kostnadseffektiv handsaming.

Stiftinga har to søknadsfristar i året: 1. mars og 1. september. Handsamingstida er 8 veker. I tillegg er det råd å søkje om «litt midlar raskt» gjennom «forenkla søknad». Her kan ein søkje om inntil 10 000 kroner når som helst, og få svar i løpet av ein måned.

Alle søknadar til stiftinga vert handsama fortruleg. Avslag vert ikkje annonsert, men alle tildelingar vert publisert i våre gåveoversikter (detaljerte gåvelister i rekneskapsnote nedanfor, samt på [www.sparebankstiftinga.no](http://www.sparebankstiftinga.no)).

For å sikre ei kompetent og upartisk handsaming spør stiftinga gåvenemnder utnemnt av banken om råd, medan avgjerd i alle saker vert fatta av styret i Sparebankstiftinga. Styret vert valt av Generalforsamlinga, som igjen vert valt av og blant banken sine kundar.



# Styret si oppsummering av 2020

## Innleiing

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har eit aktivitetsresultat på kr 46 776 924.

Hovudtrekk for 2020 er:

- Redusert utbytte mellom anna som følgje av myndigheitene sine tilrådingar ovanfor bankane om å halde tilbake overskot i ei tid med høg usikkerheit.
- Gåvetildelingane relativt stabile, men påverka av COVID-19 utbrotet. Det vart gjennomførte ei ekstraordinær søknadsrunde i mai, for å hjelpe frivillig sektor gjennom ei vanskeleg tid.
- Turbulent år i finansmarknaden, med kraftig rente- og børsfall i første kvartal. Mykje henta seg inn igjen i andre halvår, noko som gjorde til at stiftinga fekk tilfredsstillande avkastning på finansportefølje samla sett i 2020.
- Stiftinga vart sertifisert som miljøfyrtårn i desember 2020.

Stabilt og langsiktig eigarskap i banken er eit viktig hovudformål for stiftinga. Det har ikkje skjedd vesentlege endringar i eigarforholda i banken og stiftinga eig ved utgangen av året 93,67 % av eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane. Styret er godt kjent med at høg eigardel kombinert med at banken ikkje er børsnoterte medfører at stiftinga har høg konsentrasjonsrisiko. Stiftinga har fått auka likviditet i 2020, noko som gir stiftinga høve til å gradvis opparbeide større beredskapskapital for eventuell kapitalutviding i banken. Vidare oppbygging av beredskapskapitalen er framleis eit viktig og prioritert område i stiftinga.

Gåvetildelingar er det hovudformålet som det er knytt størst aktivitet til i stiftinga. Styret er også i år godt nøgd med arbeidet som er gjort innan samfunnsengasjement og gåveområdet, og særleg den raske responsen på oppståtte samfunnsendringar, som til dømes koronaepidemien. Mange viktige tiltak og prosjekt i Sogn og Fjordane er tildelt midlar i 2020 og i tillegg fekk ein støtta lag og organisasjonar som vart råka av COVID-19 utbrotet. Stiftinga har eit langt og godt samarbeid med lag og organisasjonar og offentleg verksemd i arbeidet med å finansiere frivilligsektor og viktige utviklingsprosjekt i regionen. Det vart løyvd gåver for om lag 27 millionar kroner i 2020, som er noko mindre enn året før.


I takt med at stiftinga har auka gåvetildelingane over tid, bygger stiftinga opp gåvefond som kan nyttast i år der ein får låge utbytter frå banken. Målet med dette er å sikre stabile og føreseielege gåvetildelingar.

Strategien med å utvikle gåveinstituttet og rammene for gåvetildeling gradvis har gitt stiftinga høve til å utvikle god kunnskap og gode rutinar for gåvetildelingane. Stiftinga er i sitt arbeid oppteken av å få god samfunnsnytte av gåvene som blir løyvd. Det blir tildelt gåver til samfunnsnyttige tiltak mellom anna innan; fysisk aktivitet, kultur, næringsutvikling og forskning/utdanning. Fordeling av gåvemidlane mellom ulike formål er i 2020 slik:

<i>Kultur</i>	4,7 mill. kr
<i>Næringsutvikling</i>	4,2 mill. kr
<i>Utdanning/kompetanse</i>	3,7 mill. kr
<i>Idrett og fysisk aktivitet</i>	10,4 mill. kr
<i>Humanitært</i>	1,3 mill. kr
<i>Helse</i>	0,7 mill. kr
<i>Forsking</i>	1,0 mill. kr

Stiftinga har fått auka likviditet gjennom året. Dette gjer at stiftinga har styrka beredskapen for framtidige emisjonar i Sparebanken Sogn og Fjordane. Styret i stiftinga har høg merksemd på å opparbeide tilstrekkeleg beredskapskapital, slik at stiftinga har evne til å stille opp den dagen banken har behov for meir eigenkapital. Stiftinga har eit mål på sikt om å ha ein beredskapskapital på minimum 2 % av risikovekta balanse i banken, som i dag tilsvarer om lag 600 millionar kroner.

Stifting skal forvalte kapitalen på ein trygg og forsvarleg måte. Stiftinga har relativ låg risikoevne i forvaltninga av finansporteføljen og har i dag 85 % av porteføljen i rentefond og bankinnskott. Dei resterande 15 % er investert i aksjefond. Til tross for eit turbulent år er styret godt nøgd med forvaltninga og avkastninga i 2020. Verdipapirporteføljen hadde ein verdiauke på om lag 5,5 %, medan bankinnskott hadde ei avkastning på litt under 1 % i 2020. Stiftinga har ved utgangen av året ei finansportefølje på omlag 260 millionar kroner. I tillegg har stiftinga ein arbeidskapital til løpande drift og gåveutbetalingar.



Stiftinga baserer aktiviteten sin i liten grad på overordna makroøkonomiske forventningar. Verksemda er først og fremst knytt til utbytte frå eigarskapen i Sparebanken Sogn og Fjordane, samt avkastninga på dei finansielle investeringane. Banken sine signal om framtidige utbytte fører til at stiftinga kan vidareføre ordinær aktivitet innanfor sine formål.

## Balanse

Stiftinga sin forvaltningskapital er ved årsskiftet på 2 109 253 607 kroner. Egedelane i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane består i hovudsak av:

- Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane, bokført verdi på kr 1 837 537 360
- Finansielle investeringar, bokført verdi på kr 185 085 742
- Bankinnskott, kr 86 392 606

## Resultat og disponering av overskot

Hovudinntektene i rekneskapen for 2020 er utbytte frå Sparebanken Sogn og Fjordane på kr 73 079 160. Netto renter og anna finansinntekter er på kr 4 511 934.

Driftskostnadane for 2020 utgjer kr 4 821 995 og er fordelt på kr 2 499 381 i aktivitetskostnader (dvs. kostnader knytt til formålsrealisering) og kr 2 322 614 i administrasjonskostnader. Det er kostnadsført gåver for kr 25 897 766. Årsresultat på kr 46 776 924.

**Overskotet frå 2020 blir foreslått disponert slik:**  
Avsetning til annan formålskapital: kr 46 776 924.

Føresetnader for vidare drift er til stades.

## Styrande organ

Generalforsamlinga er stiftinga sitt høgaste organ og har 12 medlemmer; 4 menn og 8 kvinner. Medlemmene blir valde mellom Sparebanken Sogn og Fjordane

sine innskytarkundar og blir valde for 4 år. I mars 2020 vart det gjennomført val på tre ordinære medlemmer og fire varamedlemmer. Innskytarkundane stemde elektronisk etter å ha fått tilsendt røystesetel på e-post. I førekant av avstemminga kunne alle innskytarkundane foreslå kandidatar til generalforsamling.

Styret har 5 medlemmer; 3 kvinner og 2 menn.

Styrande organ er nærare gjort greie for i eigen artikkel i årsrapporten og på Sparebankstiftinga sine heimesider [www.sparebankstiftinga.no](http://www.sparebankstiftinga.no).


## Administrasjon

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane leiger kontor i Sparebanken Sogn og Fjordane sine lokale i Førde. Administrasjonen består av direktør Hallvard Klakegg og kultursjef Pål Fidjestøl.

Styret vil arbeide for at stiftinga skal ha eit godt arbeidsmiljø. I dette ligg å arbeide for eit likestillings- og likeverdsperspektiv og eit godt samarbeidsklima. Verksemda i stiftinga forureinar ikkje det ytre miljøet. Vilkår for vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Den framlagde rekneskapen gir ei korrekt framstilling av stiftinga si økonomiske stilling.

## Miljø og berekraft


Sparebankstiftinga har både vilje og evne til å utgjere ei positiv kraft for miljøet, særleg når det gjeld finansforvaltninga og gåvetildelingane. Sparebankstiftinga har i lengre tid prioritert miljøfeltet i gåvetildelingane og på tiltaksnivå. I 2020 sette vi fokus på å forankre berekraft som ein sentral grunnstein i stiftinga sine strategiar og styrande dokument, og frå og med 2021 vil stiftinga rapportere spesifikt på status og framdrift for vårt berekraftsarbeid i årsrapporten.



# Aktivitetsbasert resultatregneskap

TAL I TUSEN KRONER

	Note	2020	2019
<b>ERVERVA MIDLAR</b>			
Utbytte	2	73 079	137 224
Vinst sal egenkapitalbevis SSF	2	688	1 431
Verdiendring av finansielle instrument	3	222	- 34
Renteinntekter	3	3 602	3 106
<b>Sum inntekter på erverva midlar</b>		<b>77 591</b>	<b>141 727</b>
<b>FORBRUKTE MIDLAR</b>			
Løyvde gåver og gåvebortfall	7,8	25 898	28 851
Aktivitetskostnader	9,10,11	2 499	2 512
Administrasjonskostnader	9,10,11	2 323	2 507
Finanskostnader		94	94
<b>Sum kostnader / forbrukte midlar</b>		<b>30 814</b>	<b>33 964</b>
<b>AKTIVITETSRESULTAT</b>		<b>46 777</b>	<b>107 764</b>
Overført annan formålskapital		46 777	107 764
<b>Sum overføringar</b>		<b>46 777</b>	<b>107 764</b>





# Aktivitetsbasert balanse

TAL I TUSEN KRONER

## EIGEDLAR

### Anleggsmidler

	Note	2020	2019
Formålsinvesteringar, eigenkapitalbevis SSF	2	1 837 537	1 840 023
Finansielle investeringar	3	185 086	149 714
Programvare	4	178	320
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>2 022 801</b>	<b>1 990 057</b>

### Omløpsmidlar

Kortsiktig fordringar og forskotsbetalte kostnader		60	12
Bankinnskot	5	86 393	71 664
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>86 453</b>	<b>71 676</b>

### SUM EIGEDLAR

**2 109 254**      **2 061 733**

## FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD

### Føremålskapital

Grunnkapital	6	1 408 500	1 408 500
Gåvefond	6	50 000	50 000
Anna formålskapital	6	632 956	586 179
<b>Sum formålskapital</b>		<b>2 091 456</b>	<b>2 044 679</b>

### GJELD

Pensjonsforpliktingar	11	769	571
<b>Sum avseting for forpliktingar</b>		<b>769</b>	<b>571</b>

### Kortsiktig gjeld

Skuldige offentleg avgifter		196	189
Leverandørgjeld		121	70
Løyvde gåver	7	16 419	15 921
Anna kortsiktig gjeld		293	303
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>17 029</b>	<b>16 483</b>

### Sum gjeld

**17 798**      **17 054**

### SUM FØREMÅLSKAPITAL OG GJELD

**2 109 254**      **2 061 733**


Førde 16. mars 2021

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

  
Lise Mari Haugen  
styreleiar

  
Vegard Strand  
nestleiar

  
Tore Jakob Madsen  
styremedlem

  
Bente Jørgensen  
styremedlem

  
Ellen Marie Nils Lillesvangstu  
styremedlem

  
Hallvard Klakegg  
direktør

## Notar

### Note 1 Rekneskapsprinsipp

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vart stifta 17. august 2010 og er lokalisert i Førde. Grunnkapitalen i stiftinga vart etablert 1. september 2010 i samband med at Sparebanken Sogn og Fjordane vart omdanna til eigenkapitalbevisbank. Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskaplova og NRS (F) God rekneskapskikk for ideelle organisasjonar.

Alle beløp i rekneskap og notar er oppgitt i heile tusen kroner, dersom ikkje anna er oppgitt spesifikt.

### KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eitt år etter anskaffing. Andre postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld. Føremålsinvesteringar viser til investeringar som søker å oppfylle vedtekne føremål i stiftinga. Kortsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på opptakstidspunktet. Langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Varige driftsmiddel er nedskrive til forventa realisasjonsverdi ved verdifall som er vurdert ikkje å vere forbigåande. Forventa realisasjonsbeløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdien av framtidige kontantstraumar knytt til eigedelen. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Formålsinvesteringar gjeld ei langsiktig plassering i eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane. Denne vurderast for nedskriving på lik linje med varige driftsmiddel, og vil skrivast ned til verkeleg verdi om ein ser indikasjonar på verdifall som er vurdert å ikkje vere forbigåande. Finansielle investeringar gjeld langsiktige plasseringar i obligasjons- og aksjefond der underliggende verdiar er marknadskursar. Fonda vurderast enkeltvis til kostpris, med nedjustering til verkeleg verdi på balansedagen om marknadsværdien er lågare enn kostpris.

### GÅVEFOND

Gåvefond er formålskapital med sjølvpålagde restriksjonar, og er midlar som er avsett til gåver og drift av stiftinga.

### ANNAN FØREMÅLSKAPITAL

Formålskapital som ikkje er underlagt restriksjonar er annan formålskapital.

### LØYVDE GÅVER

Generalforsamlinga vedtek ramme for gåveutdeling, medan styret forvaltar dei disponible midlane frå generalforsamlinga. Gåver tildelt frå styret, blir kostnadsført på innvilgingstidspunktet, uavhengig av om utbetalinga har skjedd eller ikkje. Dersom det er vilkår knytta til bevilginga vil den bli kostnadsført dersom det er sannsynligheitsovervekt for at vilkåra blir oppfylt og utbetalinga vil skje. Styre kan løyve gåver for kommande år med forutsetning om at generalforsamlinga løyver tilstrekkeleg gåvemidlar, i disse tilfella blir gåvene kostnadsført når generalforsamlinga løyver midlar for det aktuelle året. Bortfall av løyvde gåver blir ført som negative kostnader på same linje som kostnaden opprinneleg blei kostnadsført. I balansen blir dei tildelte gåvene avsett som kortsiktig gjeld «Løyvde gåver» og redusert i takt med utbetalinga.

### INNETKTSFØRING FRÅ FINANSIELLE INSTRUMENT

Inntekter frå finansielle instrument vert resultatført når det vesentlege av risiko og avkastning er overført. For utbytte inneber det normalt inntektsføring i utdelingsåret, med mindre det er ei betydeleg sannsynligheitsovervekt for slik utdeling på balansedagen. Inntektsføring kan i dei tilfella skje i avsetningsåret. Mottatt utbytte er vurdert som annan finansinntekt.

### SAMANSTILLING AV KOSTNADER

Kostnader blir fordelt mellom aktivitet- og administrasjonensutgifter etter forbruk. Forbruk av midlar vert periodisert i samsvar med når aktivitetane er gjennomført.

### PENSJON

#### 1. Innskotsbaserte ordningar

Stiftinga har innskotsbasert pensjonsordning. Innskotsbaserte pensjonsordningar inneber at stiftinga ikkje gir løfte om framtidig pensjon på eit fast nivå, men betalar eit årleg innskot til ei kollektiv pensjonsordning. Den framtidige pensjonen vil avhenge av storleiken på innskotet og den årlege avkastninga på pensjonsparinga. Stiftinga har ikkje noko ansvar for dette utover å innbetale det årlege innskotet.



## 2. Kompensasjonspensjon

For dei tilsette som hadde ytingsbasert pensjonsordning ved avvikling av denne i 2016 er det inngått avtale om kompensasjon for redusert pensjon. Denne forpliktinga er berekna for den enkelte tilsette og oppteninga pr. 31.12. er ført som pensjonsforplikting i balansen.

## 3. Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har ei AFP-ordning. Rekneskapsmessig er ordninga vurdert som ei ytingsbasert fleirføretaksordning. Den nye AFP-ordninga er finansiert gjennom premieinnbetalingar og er innrekna i rekneskapen som ei innskotsordning, fordi pensjonsansvaret ikkje kan målast påliteleg. Det er følgjeleg ikkje sett av noko i balansen for ordninga.

## SKATT

Stiftinga har ikkje erverv som formål, og er ikkje skattepliktig jfr. Skattelova sine reglar om skattefrie institusjonar.

## DISPONERING AV RESULTAT

Det blir overført til/frå gåvefond til mål om gåve og driftsreserve på 50 mill. kr er oppfylt. Det øvrige blir overført til /frå annan formålkapital.

## Note 2 Eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane

Stiftinga har slik eigardel i Sparebanken Sogn og Fjordane (tal i heile kr):

	Eigar andel	Eigarandels- kapital stemmerett*	Tal eigen- kapitalbevis	Pålydande	Kostpris
Sparebanken Sogn og Fjordane	93,67 %	40 %	18 250 672	100	1 837 537 360

\* I følgje vedtektene til Sparebanken Sogn og Fjordane er det fastsett at eigarandelskapitalen maksimalt kan ha 40 % stemmerett i generalforsamlinga. Det er difor ikkje aktuelt å utarbeide konsernrekneskap.

Endring i beholdning eigenkapitalbevis frå 2019 til 2020 gjeld nedsal til SSF av 19 118 eigenkapitalbevis.

Eigenkapitalbevisa som stiftinga eig i Sparebanken Sogn og Fjordane er bokført som anleggsmidlar ut frå at dei er bestemt til varig eige. I mangel på børsnotering av eigenkapitalbevisa er verdien vurdert ut frå tilgjengeleg informasjon basert på rekneskapstal. Ut frå gjennomført verdivurdering av banken sin marknadsverdi er konklusjonen at nedskrivning ikkje er aktuelt pr. 31.12.2020 og at verdien av stiftinga sine eigenkapitalbevis i Sparebanken Sogn og Fjordane blir sett lik anskaffelseskost.

## Nøkkeltal frå Sparebanken Sogn og Fjordane kvartalsrapport 4. kvartal 2020 (konsern, ikkje revidert):

	2020	2019
<b>Resultatrekneskap</b>		
Totalresultat	<b>457</b>	<b>553</b>
<b>Balanse</b>		
Eigenkapitalbevis	1 948	1 948
Overkurs	16	16
Utjammingsfond	2 187	1 985
<b>Sum eigarandelskapital</b>	<b>4 151</b>	<b>3 949</b>
Grunnfond	594	561
<b>Sum grunnfondskapital</b>	<b>594</b>	<b>561</b>
Fond for urealiserte vinstar	354	281
Annan eigenkapital	163	159
Hybridkapital	350	350
Avsett til utbytte og gåver	129	90
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>5 741</b>	<b>5 390</b>



## Note 3 Investering i aksje- og obligasjonsfond

Pr. 31.12.20 har stiftinga følgende investeringar

	Kostpris	Marknads- verdi	Resultat- ført verdi- endring	Ned- skrive	Bokført verdi	Innteks- ført utbytte
		31.12.20	2020	31.12.20	31.12.20	2020
Globale aksjefond	18 500	21 903	0	0	18 500	0
Norske aksjefond	18 500	22 074	0	0	18 500	0
Globale obligasjonsfond	48 415	50 644	0	0	48 415	1 015
Norske obligasjonsfond	38 590	39 389	177	0	38 590	883
Pengmarknadsfond	61 082	61 141	45	- 1	61 081	781
<b>Sum aksje- og obligasjonsfond</b>	<b>185 087</b>	<b>195 150</b>	<b>222</b>	<b>- 1</b>	<b>185 086</b>	<b>2 680</b>

Pr. 31.12.19 har stiftinga følgende investeringar

	Kostpris	Marknads- verdi	Resultat- ført verdi- endring	Ned- skrive	Bokført verdi	Innteks- ført utbytte
		31.12.19	2019	31.12.19	31.12.19	2019
Globale aksjefond	11 765	13 044	0	0	11 765	0
Norske aksjefond	11 765	12 782	0	0	11 765	0
Globale obligasjonsfond	42 000	42 491	0	0	42 000	0
Norske obligasjonsfond	34 106	33 929	12	- 177	33 929	358
Pengmarknadsfond	50 301	50 255	- 45	- 45	50 255	301
<b>Sum aksje- og obligasjonsfond</b>	<b>149 937</b>	<b>152 501</b>	<b>- 34</b>	<b>- 222</b>	<b>149 714</b>	<b>659</b>

## Note 4 Immaterielle egedelar

	Programvare
Kostpris pr. 01.01.20	429
Tilgang	0
Avgang	0
Samla avskrivningar	251
<b>Bokført verdi 31.12.20</b>	<b>178</b>
Avskrivningar for året	143
Lineær avskrivning	3 år

## Note 5 Bankinnskot

	2020	2019
Bundne skattetrekksmidlar	128	122
Innskot med 31 dager oppseing	82 324	69 352
Innskot utan binding	3 940	2 190
<b>Sum bankinnskot</b>	<b>86 393</b>	<b>71 664</b>

## Note 6 Formålskapital

	Grunn- kapital	Gåve- fond *	Annen formålskapital	Sum formålskapital
Formålskapital 31.12.2019	1 408 500	50 000	586 179	2 044 679
Årsresultat	0	0	46 777	46 777
<b>Foremålskapital 31.12.2020</b>	<b>1 408 500</b>	<b>50 000</b>	<b>632 956</b>	<b>2 091 456</b>

\* Gåvefond er formålskapital med sjølvpålagde restriksjonar, og er midlar som er avsett til gaver og drift av stiftinga.



## Note 7 Løyvde gjevemidlar

	2020	2019
Løyvde gåver	26 669	30 251
Fråfall av gåver, tidlegare løyvde	- 771	- 1 400
<b>Løyvde gåver</b>	<b>25 898</b>	<b>28 851</b>

I tillegg er det løyvd gåver på til saman kr 1 400 for utbetaling i år 2022 med atterhald om at generalforsamlinga løyver tilsrekkelege gjevemidlar.

Løyvde, ikkje utbetalte gåver 01.01.	15 921	16 124
Løyvde gåver	25 898	28 851
Utbetalte gåver	- 25 400	- 29 054
<b>Løyvde, ikkje utbetalte gåver 31.12.</b>	<b>16 419</b>	<b>15 921</b>

## Note 8 Gåveutdeling, TAL I HEILE KRONER

### GÅVER TILDELT PR. SØKNAD:

4H Sogn og Fjordane	400 000
A/L Skogly	10 000
Aksello AS	600 000
Aktiv Kalvåg	50 000
Akvahub Hyllestad	250 000
Almenning grendalag	30 000
Asova bygdelag	17 500
Askvoll og Holmedal IL	89 000
Askvoll Røde Kors	30 000
Askvoll vel	100 000
Atløy IL	10 000
Badevika vel	10 000
Bank-gåva (forsterking av gåve frå bank-jubilantar)	100 000
Brak (Grøn Festival)	550 000
Brak (Sogn og Fjordane Musikkfond)	100 000
Brandangersund samfunnshus	25 000
Brattland bustadlag	20 000
Breimsbygda IL	30 000
Breimsbygda skisenter AS	50 000
Bremanger IL	200 000
Bremanger skulemusikk	20 000
Bryggja skule FAU	10 000
Bygstad brass	10 000
Bygstad helselag	10 000
Cora	10 000
Dagsturhytter i 10 kommunar i Hordaland	1 000 000
Dale IL	80 000
Davik utviklingslag	10 000
Destinasjonsselskapa i Sogn og Fjordane (reiselivssatsing)	500 000
DRIV-prisen	100 000
Eid idrettspark	100 000
Eid IL	75 000
Eid musikklag	10 000
Eid Røde Kors	40 000
Eikefjord IL	100 000

### GÅVER TILDELT PR. SØKNAD:

Eivindvik IL	25 000
Elvisfestivalen i Måløy	30 000
Esebotn skytebane	20 000
Fagforeningens musikklag	16 000
FAU ved Farnes skule	50 000
Firda vidaregåande skule «grøn skule 2.0»	200 000
Fjaler skulemusikk	35 000
Fjellhug/Vereide IL	30 000
Fjordane friluftsråd	100 000
Fjæra bluesklubb	25 000
Fjærland IL	10 000
Flatraket IL	100 000
Flora jeger & fiskerforening	100 000
Flora Turlag	100 000
Florarevyn	50 000
Florø bys vel	50 000
Florø Hornmusikk	20 000
Florø husflidlag	10 000
Florø klatreklubb	50 000
Florø motorsport klubb	60 000
Florø Sanitetsforening	5 000
Florø Seilforening	50 000
Florø Sportsklubb	100 000
Florø Sportsklubb (Fotballhall)	1 000 000
Florø Turn- og Idrettsforening	50 000
Frammarsvik helselag	5 000
Fure IL	7 500
Furorestipend (8 stipend à 50.000,-)	400 000
Førde IL	824 500
Førde musikklag	16 000
Førde Røde Kors	40 000
Førde skulemusikkorps	40 000
Førde skyttarlag	10 000
Førde speidargruppe av Norges speiderforbund	22 200
Førde tennisklubb	100 000
Førde volleyballklubb	50 000

**GÅVER TILDELT PR. SØKNAD:**

Førs grendalag	10 000
Gamle Innvik ullvarefabrikk	100 000
Gloppen dansarlag	10 000
Gloppen klatreklubb	30 000
Gloppen sogelag	10 000
Haugen skulemusikk 2018	20 000
Heggebø og Bråstad grendalag	50 000
Hjelle skulemusikk	10 000
Hole grendahus	25 000
Hornindal fritidsklubb	40 000
Hornindal frivilligsentral	17 000
Hornindal IL	50 000
Hornindal IL fotballgruppa	20 000
Hornindal sanitetslag	10 000
Hugin musikkforum	10 000
Huset i Bygda	800 000
HVL forskingsprosjekt «Roborasp»	1 000 000
Hyllestad skulemusikk	35 000
Høyanger skulemusikk	25 000
Ikjefjord bygdelag	25 000
IL Høyang	47 000
IL Jotun	30 000
IL Syril	440 000
Indre Sogn kystlag	27 000
Ipad til eldre- og omsorgsbustadar i Sogn og Fjordane	487 020
Jul for Alle	100 000
Jølster IL	10 000
Jølster jazzklubb	10 000
Jølster løypelag	30 000
Jølster musikklag	30 000
Kalvåg musikklag	10 000
Kalvåg skulemusikk	20 000
Kaupanger bedehus	23 000
Kaupanger IL	110 000
Kaupanger skule- og ungdomskorps	40 000
Kaupanger speidergruppe	15 000
Kinnaspelet	100 000
Kjøsaldalen IL	25 000
Klakegg grendatun	30 000
Kyrkjebø køyre- og rideklubb	30 000
Landbruksselskapet (Frukt & bær-prosjekt)	300 000
Lavik skulemusikk	25 000
Leikanger musikklag	55 000
Leikanger Røde Kors	50 000
Leikanger skulemusikk	25 000
Leikanger skyttarlag	65 000
Leikanger ungdomslag	10 000
Leirvik grendalag	100 000
LHL Sogndal-Leikanger-Vik	10 000
Luster turlag	500 000
Luttprisen	37 500
Lærdal turlag	10 000
Malakoff rockfestival	350 000

**GÅVER TILDELT PR. SØKNAD:**

Mardal ins	10 000
Markane IL	150 000
Musikkteateret Bella og Solla - og Per	50 000
Måløy vekst AS	10 000
Nattuglene i Sogndal	5 000
Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	150 000
Naustdal kyrkjelydshus	20 000
Naustdal ungdomslag	25 000
NCMT næringsklynge	1 000 000
NFF Sogn og Fjordane	350 000
NFF Sogn og Fjordane «Grønt Arrangement»	300 000
NFU Sogn og Fjordane fylkeslag	16 000
Norane IL	10 000
Nord Solund vel	10 000
Nordfjordakademiet	300 000
Nord-vestlandet vektløftarregion	50 000
Normisjon region Sogn og Fjordane	45 000
Norsk revmatikerforbund Sogn og Fjordane fylkeslag	25 000
Norske kokkers landsforening Sogn og Fjordane	10 000
Norske redningshunder Sogn og Fjordane distrikt	50 000
Ocean Hyway Cluster	600 000
Olden IL	100 000
Operakysten	25 000
Operation archery Florø	50 000
Oppedal/Brekke skyttarlag	10 000
Oppstryn IL	60 000
Ortneset vel	10 000
Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	100 000
Redningsvestar i heile Sogn og Fjordane	341 472
Reed utviklingslag	55 000
Reodorklubben Sunnfjord	500 000
Rugsund skyttarlag	10 000
Røysaleite grendalag	20 000
Sandane turn og idrettslag	50 000
Sande og Bygstad skulemusikk	30 000
Selje skulekorps	10 000
Seniornett Gloppen	10 000
Skavøypoll IL	150 000
Skavøypoll skulemusikkkorps	4 500
Skei dansegalla	10 000
Skei miljøutvikling	7 000
Skålastilaget	60 000
Slåttebakkane grannelag	10 000
Slåtten skulemusikk	25 000
Småspretten	5 000
SoFjo pride	10 000
Sogn og Fjordane folkemusikklag	70 000
Sogn og Fjordane friidrettsins	75 000
Sogn og Fjordane Røde Kors	600 000
Sogn og Fjordane skiins	100 000
Sogn og Fjordane Turlag	140 000

**GÅVER TILDELT PR. SØKNAD:**

Sogn terrengsykkel	200 000
Sogndal musikklag	10 000
Sogndal Røde Kors	100 000
Solund IL	410 000
Solund kommune	250 000
Solund musikk og teaterverkstad	50 000
Solund skulemusikkorps	35 000
Stad bygdehus	10 000
Stadlandet ungdomslag	40 000
Stedjeåsen trakkarlager	18 000
Steia grendalag	70 000
Stiftelsen Svanøy hus	100 000
Stiftinga Avdalen gard	20 000
Stiftinga Førde terapibasseng	50 000
Stiftinga Stedjetunet	30 000
Stiftinga Svanhild	150 000
Stimen supportarklubb	15 000
Stryn bonde- og småbrukarlag	28 000
Stryn E-sport	30 000
Stryn frivilligsentral	10 000
Stryn musikklag	10 000
Stryn næringssamskipnad	37 500
Stryn Røde Kors	10 000
Stryn vinterski AS	50 000
Stryn visefestival	50 000
Studentjobb (HVL/Sunnfjord Utvikling)	500 000
Studentsamfunnet i Førde	12 000
Sudstranda grendalag	60 000
Sunde og Dvergsdal grendelag	10 000
Sunnfjord kommune	150 000
Sunnfjord kunstlag	10 000
Sunnfjord sport & gaming AS	10 000
Sunnfjord Utvikling	350 000
Sunnfjord veteranvogn klubb	10 000
Svanøy folkeakademi	7 000
Svanøy grendautval	20 000

**GÅVER TILDELT PR. SØKNAD:**

Svelgen turn og idrettsforening	100 000
Svelgen-Bremanger Røde Kors	50 000
Sørstrand folkepark	30 000
Tambarskjelvar IL	5 000
Tangen kjøre- og rideklubb	18 000
Teater Vestland AS	100 000
Teaterlaget Kom Nærmere	300 000
Telegrafan ungdomskafe	10 000
Temaparken - Bulandet ungdomslag	7 000
Ungdomslaget Havgula	50 000
Utstyr til BUA/utstyrssentraler i 10 kommunar i Sogn og Fjordane	1 000 000
Vassenden 2025	300 000
Vassenden skulemusikk	25 000
Vereide utviklingslag	100 000
Vestland fylkeskommune Fagskolen	400 000
Veteranbåtlag Atløy	100 000
Vetlefjorden IL	10 000
Vevring grendalag	10 000
Vevring tae kwon do klubb	4 300
Vikane Røde Kors	75 000
Vitensenteret ViteMeir	2 000 000
Vågsøy RC lastebil	30 000
Vårvon ungdomslag	10 000
Ytre Gulen husflidlag	5 000
Ytre Gulen IL	75 000
Ytre-Hafstad grannelag	10 000
Økologisk Sunnfjord	10 000
Øvre Sæbø vel	25 000
Øvre Årdal janitsjarkorps	10 000
Øyra Løken nærmiljøanlegg	103 000
Øyrahauken grendalag	60 000
Årdal E-sport	50 000
Årdal ins	81 500
Åsen vel	10 000

Fleire gåver til same mottakar er slått saman i oversikta.

Sum gåver kan avvike frå rekneskapstal, grunna fråfall av gåver ref. note 7.



## Note 9 Driftskostnader

<b>Driftskostnader etter aktivitet</b>	2020	2019
<b>Aktivitetskostnader</b>		
Aktivitets- og arrangementskostnader	280	409
Lønskostnader	1 644	1 622
Avskrivning på immaterielle eiendeler	143	109
Konsulent- og bistandtenester frå SSF	0	2
Kontorkostnader	358	308
Andre driftskostnader	74	62
<b>Sum aktivitetskostnader</b>	<b>2 499</b>	<b>2 512</b>
<b>Administrasjonskostnader</b>		
Løn- og honorarkostnader	1 596	1 589
Konsulent- og bistandtenester frå SSF	222	233
Andre konsulent- og bistandtenester	39	30
Kontorkostnader	107	96
Andre driftskostnader	359	558
<b>Sum administrasjonskostnader</b>	<b>2 323</b>	<b>2 507</b>
<b>Sum driftskostnader etter aktivitet</b>	<b>4 822</b>	<b>5 019</b>

Stiftinga sine vedtektsfesta formål er å vere ein langsiktig eigar av Sparebanken Sogn og Fjordane, forvalte stiftinga sine verdiar på ein god måte og dele ut gåver til allmennyttige formål. Ut frå dette er kostnader knytt til utøving av eigarskap, omdømmebygging og forvaltning av stiftinga sine eiendeler definert som formålsaktiviteter i tillegg til gåver til allmennyttige formål. Kostnader knytt til styring, kontroll og eigenutvikling er administrasjonskostnader. Felleskostnader som gjeld både aktivitet- og administrasjonskostnader er fordelt etter forbrukt tid eller mengde.

<b>Driftskostnader etter art</b>	2020	2019
Løn, honorar og andre personalkostnader	3 240	3 211
Andre driftskostnader	1 582	1 807
<b>Sum driftskostnader etter art</b>	<b>4 822</b>	<b>5 019</b>



## Note 10 Lønskostnader, godtgjersle, tal tilsette

	2020	2019
<b>Lønskostnader</b>		
Løn og honorar	2 562	2 512
Pensjonskostnader	400	393
Arbeidsgjevaravgift	275	292
Anna	2	14
<b>Sum</b>	<b>3 240</b>	<b>3 211</b>
Tal årsverk	2	2
Tal tilsette pr. 31.12.	2	2

<b>Ytingar til leiande personar</b>	Dagleg leiar	Styre	General- forsamling
Løn	1 101	536	108
Naturalytingar	11	0	0
Pensjonskostnader	227	0	0
<b>Sum</b>	<b>1 339</b>	<b>536</b>	<b>108</b>

Leiande tilsette har ikkje avtale om bonus eller aksjebasert avlønning.  
Det er ikkje ytt lån til medlemmer av styret eller tilsette.

<b>Godtgjersle til revisor</b>	2020	2019
Revisjon	81	51
Andre ytingar	4	24
<b>Sum godtgjersle inkl. mva</b>	<b>84</b>	<b>76</b>

## Note 11 Pensjonskostnader og plikter

### GENERELT

Stiftinga er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjonsforsikring. Stiftinga har pensjonsordning som tilfredsstillende krava i denne lova. Stiftinga har følgjande pensjonsordningar:

#### 1. Innskotspensjon

Stiftinga har innskotspensjonsordning. Innskotspensjonsordninga inneber at stiftinga innbetalar premie til ei innskotspensjonsordning i eit forsikringsselskap. I 2020 utgjør innbetalinga 7 % av ordinær lønn opp til 7,1 G og 15 % av ordinær lønn mellom 7,1 og 12 G. Dei tilsette kan sjølv velje når dei vil ta ut innskotspensjon, men tidlegast frå fylte 62 år og seinast ved fylte 75 år. Normal utbetalingstid er 10 år. Innbetalt pensjonskapital og tilhøyrande avkastning med frådrag av administrasjonskostnader, er den enkelte tilsette sin eigedom og ordninga kan arvast, dersom den tilsette skulle falle frå før pensjonsmidlane er utbetalt. Innskotspensjonsordninga er ikkje balanseført.

#### 2. Kompensasjonspensjon

For dei tilsette som hadde ytingsbasert pensjonsordning ved avslutning av denne 01.06.2016 og som fekk lågare pensjon ved overgang til innskotspensjon, er det inngått ein avtale om kompensasjon for redusert forventa pensjon. Kompensasjonspensjonen er usikra. Forpliktinga er utrekna for den enkelte ut frå kva som er opptent pr. 31.12. og er ført som pensjonsforplikting i balansen.

#### 3. Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane har ei AFP-ordning. Rekneskapsmessig er ordninga vurdert som ei ytingsbasert fleirføretaksordning. AFP-ordninga blir finansiert gjennom premieinnbetalingar og er rekna inn i rekneskapen som ei innskotsordning, fordi pensjonsansvaret ikkje kan identifiserast påliteleg. Det er følgjeleg ikkje føretatt avsetning i balansen for ordninga. AFP-ordninga inneber at tilsette kan slutte med AFP, eller ta ut delvis AFP frå dei fyller 62 år. AFP-ordninga er basert på eit samarbeid av tre partar dvs. arbeidsgjevarorganisasjonar, arbeidstakarorganisasjonar og staten. Staten dekkjer 1/3 av pensjonsutgiftene til AFP medan tilslutta føretak dekkjer 2/3. Føretak som deltar i ordninga er solidarisk ansvarlege for 2/3 av pensjonen som skal betalast. Ansvaret gjeld både manglande innbetaling og dersom premiesatsen viser seg å vere utilstrekkeleg. Alle tilsette i stiftinga er med i ordninga. Ved uttak vil det bli rekna ut ein årleg pensjon på grunnlag av pensjonsgjevande inntekt opp til 7,1G frå fylte 13 år til og med fylte 61 år. Ordninga er administrert av Fellesordninga for AFP, som også fastset og krev inn premie. I 2020 utgjorde premien 2,5 % av lønn mellom 1 G og 7,1 G.

#### 4. Sum pensjonskostnad og forplikting

<b>Pensjonskostnad inkl. arbeidsgjevaravgift</b>	2020	2019
Innskotspensjon	190	189
Kompensasjonspensjon	198	184
Avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP)	34	43
<b>Sum</b>	<b>422</b>	<b>415</b>
<b>Pensjonsforplikting inkl. arbeidsgjevaravgift</b>	31.12.2020	31.12.2019
Kompensasjonspensjon	769	571
<b>Sum</b>	<b>769</b>	<b>571</b>



# Deloitte.

Deloitte AS  
Strandavegen 15  
6900 Florø  
Norway

Tel: +47 23 27 90 00  
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

*Konklusjon*

Vi har revidert Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane sin årsrekneskap som viser eit positivt aktivitetsresultat på kr 46 777 000. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2020, aktivitetsrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

*Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

*Ytterlegare informasjon*

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av all informasjon i årsrapporten, men omfattar ikkje årsrekneskapen og melding frå uavhengig revisor.

Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisebilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at stiftinga vil bli avvikla.

*Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert



## Deloitte.

side 2  
Uavhengig revisors beretning - Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjøn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoane for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeidar vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er føremålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av fortsett drift føresetnaden i årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om stiftinga si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at stiftinga ikkje held fram med drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvise bilde.

Vi kommuniserer med dei som har overordna ansvar for styring og kontroll mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og når revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekket i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

### Utsegn om andre lovmessige krav

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

#### *Konklusjon om utdeling og forvaltning*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at forvaltning av stiftinga og utdelingane er i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtekter.

Florø, 16. mars 2021  
Deloitte AS

Rune Norstrand Olsen  
statsautorisert revisor



## PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo" - sikker digital signatur.  
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

**Rune Norstrand Olsen**

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5998-4-1061403

IP: 178.249.xxx.xxx

2021-03-16 08:57:07Z

bankID

Penneo Dokumentnr: 87M0V-PV08B-5DDI2-3D.IWX-5YETV-IDW5I

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

**Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?**

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>

# Sparebankstiftinga sine styrande organ

Generalforsamlinga er stiftinga sitt øvste organ og har 12 medlemmer og 4 varamedlemer. Samansettinga skal spegle kundestrukturen i Sparebanken Sogn og Fjordane som skipa stiftinga, samt andre samfunnsmessige interesser knytt til Sparebankstiftinga si verksemd. Medlemene blir valde for 4 år, medan varamedlemene blir valde for eitt år om gongen.

Den årlege ordinære generalforsamlinga fastset dei økonomiske rammene for gåvetildeling etter framlegg frå styret. I tillegg skal generalforsamlinga godkjenne stiftinga sitt årsoppgjer og føre tilsyn med stiftinga si verksemd, fastsette godtgjersle til styret, føreta val av revisor og fastsette revisor si godtgjersle.

Styret skal ha 3-8 medlemmer og 2 varamedlemer. Styret si samansetting skal reflektere samansettinga av dei grupper som har stemmerett på generalforsamlinga.

Styret skal sjå til at stiftinga sine midlar blir forvalta i samsvar med stiftinga sine formål og at verksemda er i samsvar med gjeldande lover, reglar og vedtekter. Styret skal også syte for utdelinga av gåver innanfor dei rammer som generalforsamlinga har bestemt.

## Generalforsamling:

### MEDLEMER

Åge Avedal, Førde (leiar)  
Kristin Svardal (nestleiar)  
Linda Hovland, Dale  
Laila Johannessen, Hyllestad  
Roger Aa Djupvik, Sandane  
Monika Refvik, Vågsøy  
Gro Rukan, Eikefjord  
Birte Elin Kjørvik Fossheim, Sandane  
Geir Støfring, Jølster  
Elin Tveit Sveen, Svanøybukt  
Siv Merete Stadheim, Florø  
Per Øyvind Sørbø, Eikefjord

### VARAMEDLEMER

1. Bente Nesse, Høyanger  
2. Endre Rutledal, Måløy  
3. Anne Skaar, Sogndal  
4. Kjetil Russenes, Sogndal

## Styret:

### MEDLEMER


Lise Mari Haugen, Askvoll (styreleiar)  
Vegard Strand, Fjaler (nestleiar)  
Tore Jakob Madsen, Florø  
Bente Jørgensen, Vågsøy  
Ellen Marie Njøs Lillesvangstu, Leikanger

### VARAMEDLEMER

1. Leidulf Gløppestad, Gloppen  
2. Kristin Hatledal, Stryn

## Administrasjon:

Direktør Hallvard Klakegg  
Kultursjef Pål Fidjestøl



# Styring og kontroll med stiftinga si verksemd

## Strategi, rutinar og kontroll

Som langsiktig og dominerande eigar i Sparebanken Sogn og Fjordane forvaltar Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane store verdier. Gjennom denne eigarrolla og ansvaret for utdeling av gåver til allmenntilgjengelige formål har stiftinga eit stort samfunnsansvar. For å sikre eit godt omdømme har styret vedtatt styringsprinsipp som skal gi samfunnet, styresmakter og styrande organ trygghet for at stiftinga sine formål blir innfridd og at verdiane i stiftinga blir sikra for framtida.

Styret har utarbeidd ein grundig forvaltningsstrategi slik at stiftinga sine verdier blir forvalta på ein trygg og god måte. Forvaltningsstrategien fastset at det skal prioriterast å bygge reserve til framtidige kapitalutvidingar i Sparebanken Sogn og Fjordane. I tillegg skal det settast av reserver i gåvefond for å sikre kontinuitet i gåvetildelingar. Stiftinga sine kapitalreservar skal primært vere plassert i aktiva med låg risikoprofil.

Ansvarsfordeling mellom styret og administrasjon og reglar for rapportering til styret er fastsett gjennom instruks for styret og dagleg leiar, prinsipp for styring og kontroll og rutine for risikostyring. I tillegg er det utarbeidd rutine for tenestekjøp, rutine for rekneskapsføring og rutine for gåvetildeling. Etter-leiving av desse rutinane er rapportert til styret saman med vurdering av internkontrollen. Det er sett i verk tiltak for forbetringar på område der det er påvist behov. Risikosituasjonen blir rapportert til styret periodisk.

Stiftinga kjøper på forretningsmessig grunnlag tenester frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Dette omfattar i hovudsak tenester inn rekneskapsføring, personal, juridisk og andre prosjektretta oppgåver.

## Openheit

Informasjon til banken og stiftinga sine interessegrupper om styrande organ, prosess for gåvetildeling og framtidige investeringar er viktige element i god styring av verksemda. Stiftinga har difor eiga nettside der informasjon om styrande organ, vedtekter, strategi, etiske retningslinjer, søknadsskjema for gåver, søknadsfristar og praktiske opplysningar til søkjarar blir lagt ut.

Liste over tildelte gåver er lagt ut på stiftinga sine heimesider. Opplysningar om stiftinga si investeringsportefølje vil også bli lagt ut.

## Forvaltning og eigarskap

Stiftinga skal ha evigvarande drift som utgangspunkt for si kapitalforvaltning og skal ikkje investere i høgrisikoprodukt. Det skal også visast stor grad av aktsemd for å unngå investeringar som utgjer ein risiko for medverknad til uetiske handlingar, krenking av menneske og arbeidstakarrettar, korrupsjon og miljø-ødeleggingar.

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er med sin dominerande eigardel Sparebanken Sogn og Fjordane si viktigaste kjelde til eigenkapital i vanskelege tider. Samtidig er utbytte frå banken stiftinga si viktigaste inntektskjelde. Med dette som utgangspunkt vil styre og administrasjon arbeide for eit godt samarbeid som bidrar til verdiskaping både for bank og stifting. Stiftinga søker aktivt posisjonar i banken sine styrande organ, og er i dag representert i både generalforsamling og styret.

I konkrete saker vil stiftinga, med utgangspunkt i egne vedtekter, støtte tiltak som gir eigenkapitalbevisa i Sparebanken Sogn og Fjordane god og stabil verdiutvikling og høg direkteavkastning i form av utbytte. Følgjande hovudprinsipp vil vere førande for oppfølging av stiftinga sitt eigarskap i Sparebanken Sogn og Fjordane:

- Banken skal drive si verksemd i tråd med norske sparebanktradisjonar og verdier
- Banken skal ha hovudkontoret i Sogn og Fjordane
- Banken skal ha ein moderat risikoprofil og god balanse mellom bedrifts- og personmarknad
- Banken skal ha finansielle mål og resultat på nivå med andre regionale sparebankar.

## Etiske retningslinjer

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er avhengig av høg tillit frå alle interessegrupper; søkjarar av gåvemidlar, styresmakter, leverandørar og andre forretningsamband, tilsette og frå folk flest. Det må ikkje vere tvil om tillitsvalde og tilsette sin profesjonalitet og integritet.

Det er difor utarbeidd etiske reglar som inneheld generelle prinsipp for aktsemd ved utøving av arbeid eller verv for stiftinga. Reglane gjeld for medlemmer i styrande organ og alle tilsette.





## Opplysninger om Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane

Adresse: Langebruvegen 12  
6800 Førde  
Telefon: 57 82 97 00  
Heimeside: [www.sparebankstiftinga.no](http://www.sparebankstiftinga.no)  
Epostadresse: [post@sparebankstiftinga.no](mailto:post@sparebankstiftinga.no)  
Føretaksnummer: 995 883 031

Kontaktpersonar:  
Hallvard Klakegg  
direktør  
Tlf. 481 67 058

Pål Fidjestøl  
kultursjef  
tlf. 911 58 009

